



Dato: 25.03.2024

Arkiv:  
Vår ref (saksnr.):  
Journalpostid.:  
Dykkar ref.:

## Ordensreglar Frøyland skule

For at me skal få det godt saman, er det viktig med nokre køyrereglar:

- Eg er gild med alle, viser omsorg og respekt.
- Eg arbeider godt i timane.
- Eg møter presis, held arbeidsro og ryddar etter meg.
- Eg let andre elevar sine eigedelar vere i fred.
- Eg tek vare på det som høyrer skulen til, både ute og inne.
- Banning, slåssing og mobbing held eg meg vekke frå.
- Eg har ikkje med ting på skulen som kan vere til skade for meg sjølv eller andre.
- Eg rettar meg etter trafikkreglane.
- Frøyland skule er ein mobilfri skule. Det betyr at vi rådar til at mobil og smartklokker vert att heime. Om dei vert med til skulen, må dei leverast inn når skuledagen startar og hentast når skuledagen er slutt.

### **Sanksjonar**

Eleven/elevane som har brote reglane skal få uttale seg i saka. Ein skal ikkje straffe kollektiv, men la sanksjonen vere ein naturleg konsekvens i høve til kva som er gjort.

- Munnleg/skriftleg åtvaring frå personalet / rektor
- Attsitjing (ta att tid) eller innesitjing i friminutt/midt-time
- Kontakt med heimen og involvering av føresette.
- Beslag av ulovlege gjenstandar. Føresette må hente dei.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade elevane har gjort, t.d. plukke søppel, vaske gulv/vegg og liknande.
- Utestenging for bruk av data/internett.
- Bortvisning frå gruppa for resten av timen eller dagen.
- Erstatningsansvar inntil kr. 5000,-
- Midlertidig byte av gruppe/trinn.
- Straffbare høve vert meldt til politiet

Sjå elles felles ordensreglement for Time kommune gjeldande frå 10.april - 2019, vedteke av Time kommunestyre.